Nye:		
Biblioteket, sjølvbetjeningsautomatar	500 000	2
Nørvågen. Opparbeiding fortau med meir	4 000 000	2
Eggesbønes. Etablering av nytt industriområde	500 000	2
Mjølstadneset. Etappevis utbygging	5 625 000	2
Byutvikling Fosnavåg	5 000 000	2
Fosnavåg Hamn	5 000 000	2
Ny bru til Vågsholmen	2 800 000	2
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	2
Grunnkjøp	3 000 000	2
Leine hamn, heving av industriveg m.m	500 000	3
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	2
Div. kulturhuset	100 000	3



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2017/765
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
20/17	Eldrerådet	12.06.2017
25/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
	Kommunestyret	22.06.2017

BRUKARUNDERSØKING FYSIOTERAPITENESTA

Møtebehandling:

Rådmanne si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Tilråding:

Brukarundersøkinga i fysioterapitenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Særutskrift: Seksjon rehabilitering

Vedlegg:

Vedlegg

1 Brukarundersøking fysioterapitenesta

Samandrag av saka:

Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjengeleigheit. Dette er forhold vi kjenner på førehand og såleis ikkje uventa. Seksjonen arbeidar vidare med å følgje opp resultata av brukarundersøkinga.

Saksopplysningar:

Herøy kommune har bestemt at det skal gjennomførast brukarundersøking i tenestene. Ein skal bruke malar frå “betre kommune” slik at brukarundersøkinga i Herøy vert samanliknbar med andre kommuner.

Avdeling barn, familie og helse gjorde vedtak om ein del brukarundersøkingar 2016 som skulle gjennomførast i 2017. Det vart med anna bestemt å gjennomføre brukarundersøking i privat fysioterapiteneste og med fastlegane. Det er ikkje laga malar i “betre kommune” for desse tenestane som er private med avtaler med kommunen. Det vart difor laga eit eige skjema som vart digitalisert ved hjelp av ein tilsett i Vanylven kommune og lagt ut på heimesida til Herøy kommune ved hjelp frå servicetorget i kommunen. Resultatet kan difor ikkje brukast til samanlikning med andre kommunar, men er nyttig til internt bruk.

Undersøkinga vart gjennomført over 3 veker. Det kom inn 81 svar. Dei hovudpunkta som vart teke opp var: Behandling, tilgjengeleg, resultat og informasjon. Innafor kvart hovudområde var det frå to til fire påstandar som skulle svarast på. Svarkategoriane var heilt einig, litt einig, litt ueinig og heilt ueinig. I hovudsak er pasientane godt fornøgd med fysioterapitenesta, men misfornøgd med tilgangen. Det vil seie ventetida.

Problemstilling	Litt einig/heilt einig		Litt ueinig/heilt ueinig	
	Tal	%	Tal	%
Behandling	77	95	4	5
Tilgjengeleg				
Time til rimeleg tid	52	65	28	35
Kome til avtalt tid	71	88	10	12
Resultat	71	89	9	11
Informasjon	72	91	7	8

Som vedlegg følgjer heile oversikta over funn.

Det var lagt inn eit avsnitt der ein kunne kome med eigne kommentarar og der ser ein det same. Fornøgd med tenesta, men misfornøgd med tilgangen.

Kommentarfeltet er tatt vekk då det var ein del personer som var namngitt.

Vurdering og konklusjon:

Det var 81 svar som er ein svarprosent på over 40%. Dette er eit bra resultat. Mange av pasientane er eldre og beherskar dårleg data.

Når det gjeld det som kom fram i undersøkinga, er dette forhold som ein kjenner seg att i. Det vil verte arbeida aktivt med å gjere tenestene meir tilgjengeleg. Dette vil krevje auka ressursar til tenestene.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei auke av tilgjengeleg fysioterapi ved sentra vil vere positivt med omsyn til folkehelsearbeidet og kunne ha stor betydning for det einskilde menneske.

Konsekvensar for drift:

Ei oppfølging av dette gode resultatet for tenesta og vidare fortsatt arbeid for betre tilgjengelegheit vil vere svært positivt.

Fosnavåg, 29.05.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef


Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Behandling


Hjelpepersonellet er høflege og behandlar meg med respekt




Fysioterapeuten er høfleg og behandlar meg med respekt



Fysioterapeuten tek omsyn til kva eg meiner




Fysioterapeuten informerar godt om sjukdom og prognoser




Tilgjengeleg

Eg får time hjå fysioterapeuten innan rimeleg tid




Eg får kome til fysioterapeuten til avtalt tid




Resultat


Eg får omsorgsfull hjelp for helsetilstanden min



Eg har tillig til at fysioterapeuten gir meg forsvarleg behandling




Eg er fornøgd med resultatet av behandlinga



Informasjon

Eg får nødvendig og tilpassa informasjon om helsetilstanden min og innhaldet til behandlinga



Eventuelle kommentarar til tenesta

raskt⁽⁴⁾ heldig⁽⁴⁾ fått⁽⁴⁾ meir⁽⁴⁾ folk⁽⁴⁾
fek⁽⁵⁾ godt⁽⁵⁾ må⁽⁵⁾ lang⁽⁶⁾
behandling⁽⁶⁾ fleire⁽⁶⁾ få⁽⁷⁾
ventetid⁽⁷⁾ mnd⁽⁴⁾ vente⁽³⁾ tilbake⁽³⁾
tenesta⁽³⁾ Myrvåg⁽³⁾ pasienten⁽³⁾ pasient⁽³⁾ god⁽³⁾
får⁽³⁾ jobb⁽³⁾ Herøy⁽³⁾ lenge⁽³⁾ komme⁽³⁾



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2017/765
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.06.2017
21/17	Eldrerådet	12.06.2017
26/17	Komite for helse og omsorg	15.06.2017
	Kommunestyret	22.06.2017

BRUKARUNDERSØKING LEGETENESTA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Eldrerådet - 12.06.2017

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Tilråding:

Brukarundersøkinga i legetenesta våren 2017 vert teken til vitande.

Særutskrift: Seksjon legetenesta

Vedlegg: Undersøkinga

Samandrag av saka:

Brucarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjengelegheit og informasjon. Dette er forhold vi kjenner på førehand og såleis ikkje uventa. Seksjonen arbeidar vidare med å følgje opp resultata av brukarundersøkinga

Saksopplysningar:

Herøy kommune har bestemt at det skal gjennomførast brukarundersøking i tenestene. Ein skal bruke malar frå “betre kommune” slik at brukarundersøkinga i Herøy vert samanliknbar med andre kommunar.

Avdeling barn, familie og helse gjorde vedtak om ein del brukarundersøkingar 2016 som skulle gjennomførast i 2017. Det vart med anna bestemt å gjennomføre brukarundersøking i privat fysioterapiteneste og med fastlegane. Det er ikkje laga malar i “betre kommune” for desse tenestane som er private med avtaler med kommunen. Det vart difor laga eit eige skjema som vart digitalisert ved hjelp av ein tilsett i Vanylven kommune og lagt ut på heimesida til Herøy kommune ved hjelp frå servicetorget i kommunen. Resultatet kan difor ikkje brukast til samanlikning med andre kommunar, men er nyttig til internt bruk.

Undersøkinga vart gjennomført over 3 veker. Det kom inn vel 50 svar. Dei hovudpunkta som vart teke opp var: Behandling, tilgjengeleg, resultat og informasjon. Innafor kvart hovudområde var det frå to til fire påstandar som skulle svaras på. Svarkategoriane var heilt einig, litt einig, litt ueinig og heilt ueinig. I hovudsak er pasientane godt fornøgd med legetenesta, men noko misfornøgd med tilgangen og den informasjonen dei får om helsetilstanden sin og innhaldet i behandlinga. Svara fordeler seg slik:

Problemstilling	Litt einig/heilt einig		Litt ueinig/heilt ueinig	
	Tal	%	Tal	%
Behandling	41	82	9	18
Tilgjengeleg	34	68	16	32
Resultat	36	72	14	28
Informasjon	32	65	17	35

Som vedlegg følgjer heile oversikten over funn.

Det har i tillegg kome ein del kommentarar og dette er tilbakemeldingar som er vel så interessante. Ein treng meir tid på å gå igjennom dei, men det går ein del på måtar ein blir møtt på av helsepersonellet på legekontora og ivaretaking av teieplikta vi har som helsepersonell.

Kommentarfeltet er tatt vekk då det var ein del personer som var namngitt.

Vurdering og konklusjon:

Det var vel 50 som svarte og om utvalet er representativt kan diskuteras. Undersøkinga er uansett nyttig, og vil kunne nyttast i forbetningsarbeidet vidare.

Når det gjeld det som kom konkret fram i undersøkinga er dette forhold som ein kjenner seg att i. Det vil verte arbeida aktivt med å forbetre særleg informasjon og tilgjengelegheita. Ved at ein no står i ferd med å rekruttere i fastlegeheimlar er det og eit håp om at dette vil påverke særleg tilgjengelegheita positivt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei auke av tilgjengeleg legeteneste ved sentra vil vere positivt med omsyn til folkehelsearbeidet og kunne ha stor betyding for det einskilde menneske.

Konsekvensar for drift:

Ei oppfølging av dette gode resultatet for tenesta og vidare fortsatt arbeid for betre tilgjengelegheit vil vere svært positivt.

Fosnavåg, 29.05.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef


Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Behandling


Hjelpepersonellet er høflege og behandlar meg med respekt




Legen er høfleg og behandlar meg med respekt



Legen tek omsyn til kva eg meiner




Legen informerar godt om sjukdom og prognoser




Tilgjengeleg

Eg får time hjå lege innan rimeleg tid




Eg får kome til lege til avtalt tid




Resultat


Eg får omsorgsfull hjelp for helsetilstanden min



Eg har tillit til at legen gir meg forsvarleg behandling




Eg er fornøgd med resultatet av behandlinga



Informasjon

Eg får nødvendig og tilpassa informasjon om helsetilstanden min og innhaldet til behandlinga



Eventuelle kommentarar til tenesta

vikarar (3) svært (4) Legen (4) oppfølging (4) ei (4)
leger (5) tid (5) time (5) få (6) får (6) lege (6) ny (6)
fastlege (13) vert (3) vanskelig (3) tatt (3) lang (3)
myrvåg (3) behandling (3) bedre (3) alltid (3) hatt (3) Håper (3)
gir (2) heilt (2) ekstra (2)

Referatsaker

**RS 9/17 K-sak 48/17 Særutskrift Forebyggande arbeid for barn og unge -
2016-2020 - Tverrfagleg plan K-sak 48/17 Særutskrift Forebyggande
arbeid for barn og unge - 2016-2020 - Tverrfagleg plan 16.05.2017
00:00:00 Inger Marie Tofthagen**



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/1161
		Arkiv:	F40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/17	Formannskapet	25.04.2017
48/17	Kommunestyret	11.05.2017

FOREBYGGANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE - 2016-2020 - TVERRFAGLEG PLAN

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknadar til den framlagte tverrfaglege planen for forebyggande arbeid barn og unge 2016 – 2020.

Særutskrift: Sektor for Helse og omsorg
Sektor for Oppvekst
Sektor for Samfunnsutvikling
Komite for helse og omsorg
Komite for oppvekst

Møtebehandling:

Leiar for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen og kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 11.05.2017

Kommunestyret har ikkje merknadar til den framlagte tverrfaglege planen for forebyggande arbeid barn og unge 2016 – 2020.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 25.04.2017

Kommunestyret har ikkje merknadar til den framlagte tverrfaglege planen for forebyggande arbeid barn og unge 2016 – 2020.

Vedlegg:

Tverrfagleg plan – barn og unge
Møtehandsaming i komiteane

Samandrag av saka:

Det tverrfaglege arbeidet for barn og unge har vore prioritert i kommunen i mange år, og planen på området hadde nå, igjen ein trong til å verte gjennomgått. Den «nye» planen vert med dette lagt fram. Endring i organiseringa av den administrative leiinga har også ført til at det var naturleg å sjå på kven som skulle utgjere strategisk styringsgruppe i arbeidet med barn og unge.

Saksopplysningar:

Det tverrfaglege arbeidet for barn og unge i kommunen har vore sett fokus på i mange år og den første handlingsplanen kom alt i 2001. Opp gjennom åra har det vore behov for evalueringar og endringar av så vel plan som arbeidet på området. Den siste evalueringa vart gjort i 2015 og resulterte mellom anna i den «nye» tverrfaglege planen. Planen var lagt fram for komiteane helse og omsorg og oppvekst i desember 2016. Saksutgreiinga og vedtaka i dei to komiteane ligg som vedlegg. På bakgrunn av det som kom fram under handsaminga i komiteane vart planen noko endra, særleg med omsyn til layout og til dømes forkortingar. Saken vert no såleis lagt fram som referatsak for komiteane.

Det var trong til å gå gjennom organiseringa av arbeidet etter mange endringar i organisasjonen. Arbeidet resulterte i oppretting av ei strategisk styringsgruppe og ei faggruppe. Medlemmene i den strategiske styringsgruppa var på det tidspunktet, alle medlemmer av rådmannen si leiargruppe.

Etter at rådmannen si omorganisering er gjennomført er det no berre ein av medlemmane i styringsgruppa som fortsatt er med i rådmannen si leiargruppe, kommunalsjef oppvekst.

Rapporten vart etter dette sendt over til rådmannen, for handsaming i hans leiargruppe, med tanke på å forankre den strategiske styringsgruppa til medlemmar i leiargruppa. Rådmannen har vedteke at den strategiske styringsgruppa i det vidare arbeidet skal bestå av kommunalsjefane for Oppvekst, Helse og Omsorg og Samfunnsutvikling.

Vurdering og konklusjon:

Den tverrfaglege planen for barn og unge hadde ein trong til gjennomgang og oppjustering. Det har no vore gjennomført og den framlagte planen framstår som eit godt og oversiktleg dokument for kva kommunen særleg prioriterer på området for barn og unge.

Endringane i kven som er med i den strategiske styringsgruppa er ikkje teke inn i planen, då gruppa ikkje har konstituert seg enda med mellom anna val av leiar. Det er også slik at kommunen vedtok å gjennomføre UngData undersøking i 2017, og det er ei forventning om at resultata frå den vil kunne føre til endring i planen. Etter dette ser ein det ikkje føremålstenleg å foreta ytterlegare endringar i planen no.

Konsekvensar for folkehelse:

God kunnskap om og gjennomføring av planen er særst viktig for å oppretthalde og vidareutvikle ei god folkehelse for kommunen sine barn og unge.

Fosnavåg, 07.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



HERØY KOMMUNE



TVERRRFAGLEG PLAN

«Alle born og unge skal ha
gode og trygge oppvekstvilkår»

2016 - 2020

INNHALD

1. Kort historikk	3
2. Organisering.....	4
Strategisk styringsgruppe.....	4
Faggruppe	5
3. Overordna målsetjingar	6
4. Taktikkar for måloppnåing.....	7
5. Tiltaksplan for born og unge	8
5.1 Byggande tiltak.....	9
Aldersgruppe 0-6 år.....	9
Aldersgruppe 6-12	12
Aldersgruppe 12-23.....	14
5.2 Førebyggande tiltak.....	18
Aldersgruppe 0-6 år.....	18
Aldersgruppe 6-12 år	19
Aldersgruppe 12-23 år	20
5.3 Spesielle tiltak.....	22
Aldersgruppe 0-23 år	22
6. Forklaring på forkortingar og omgrep.....	24

1. KORT HISTORIKK

Herøy kommune har i mange år arbeidd planmessig med forebyggjande arbeid for barn og unge. Den første handlingsplanen på området vart vedteke, av kommunestyret i 2001. Etter ei evaluering av arbeidet i 2008 vart det enda meir tverrfagleg og innretta mot det einskilde barn/unge. Avdelingane vart og meir kjent med kvarandra sine tiltak ved at det vart utforma ein felles plan for det forebyggjande arbeidet med felles mål og strategiar/taktikkar. Denne planen har vore revidert kvart år og det er foretatt små endringar og presiseringar. Det er i 2014-15 eit behov for å gå gjennom organiseringa av arbeidet igjen. Dette førte til oppretting av ei strategisk styringsgruppe og ei faggruppe.

2. ORGANISERING

Felles

Møtefrekvens: Begge gruppene skal ha minst 2 møte per år, oftare ved behov og i særlege arbeidsprosessar. Gruppene skal vidare ha minst eitt felles møte per år, for avklaringar og prioriteringar. Dei felles møta kan leggst i for- eller etterkant av dei spesifikke gruppemøta. På første møte skal kvar av gruppene velje ein leiar.

Strategigruppa skal starte med å evaluere og revidere dei strategiske satsingane og måla i Handlingsplan for førebyggjande arbeid 2012-2015.

Faggruppa startar med å evaluere tiltaka for sine avdelingar, samt drøfte kvalitet og område for forbedring i dei tverrfaglege teama i barnehagar og skular

Strategisk styringsgruppe

Mandat – strategisk styringsgruppe

Gruppa skal danne basis for strategisk arbeid, og kan innhente kompetanse frå andre fagområde frå sak til sak.

- *Stake ut den overordna strategien for det førebyggjande arbeidet for barn og unge*
- *Setje konkrete mål for arbeidet*
- *Innhente tilstrekkeleg informasjon om oppvekstmiljø og utfordringar, for å kunne legge klare mål og strategiar framover*
- *Legge forslag til mål og strategiar fram for faggruppa (sjå under), for involvering og forankring - og for at desse igjen kan utarbeide handlingsplanar*

Medlemer

- Leiar barnehage, Laila Solhaug
- Leiar skule, Sølvi Lillebø Remøy
- Leiar NAV, Berit Lyngstad (til 2016)
- Leiar barn, familie og helse, Inger Marie Tofthagen
- Leiar kultur, Eileen Gjerde

Visjon:

Alle born og unge skal ha
GODE OG TRYGGE
oppvekstvilkår

Faggruppe

Mandat

- *Vere med på drøfting av mål og strategiar,*
- *Utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak, på bakgrunn av vedtekne mål og strategiar*
- *Sikre kvaliteten på dei tverrfaglege tenestene, ved jamn oppfølging og kompetanseutvikling.*

Medlemer

- Leiar barnevern, Lilly Åse Skogen (til sommar 2016), Evy Løfoll
- Leiar PPT, Olga Eggesbø (til sommar 2016), Daria Thea Dahl
- Leiar førebyggjande seksjon, Elisabeth Strand Slettestøl
- Rektor Bergsøy skule, Marit Lillestøl
- Styrar Myrsnipa barnehage, Reidun Myrvågnes
- Leiar seksjon born og unge kulturavdelinga, Mona Grethe Ryssevik
- Leiar seksjon bustadsosial, flyktning og rus, May Gunn Ertesvåg (frå 2016)

Valfri deltaking i faggruppe

- Kommuneoverlege, Trond Vegard Vatne, Torill Myklebust (frå haust 2016)
- Kommunepsykolog, Ivar Ørstavik

Samarbeidspartar

- Politi
- Tannklinikken
- Evt.

3. OVERORDNA MÅLSETJINGAR

1. Alle barn og unge skal i møte med familie, barnehage, skule og fritid utvikle god sosial og etisk kompetanse, positiv personleg utvikling og ei demokratisk forståing og deltaking.
2. Alle barn og unge som oppheld seg i kommunen skal få lik tilgang til alle førebyggjande tenester tilpassa den einskilde sitt behov
3. Alle barn og unge som viser teikn til sjukdom eller adferdsending skal få tilbod om målretta tiltak og oppfølging.
4. Alle barn og unge som lever under forhold som kan gi skade, skal ha målretta og forsvarlege førebyggjande og behandlande tiltak for å kunne ha så god helse og oppvekstvilkår som råd.
5. Medarbeidarane skal ha kunnskap om risiko og sårbarheitsfaktorar for barn og unge og tilgjengelege tverrfaglege tenester slik at nødvendige tiltak kan settast inn.
6. Medarbeidarane skal ha kunnskap om oppvekstvilkåra i kommunen, så som psykisk og fysisk helse, fysisk aktivitet, spel- og rusutfordringar.
7. Synleggjere status og utfordringar i oppvekstmiljø samt metodar og tiltak relatert til førebyggjande arbeid for politikarar og andre

4. TAKTIKKAR FOR MÅLOPPNÅING

1. Organisasjon og samhandling

Alt personell i kommunen, som arbeider med barn og unge, skal ha felles kunnskapsgrunnlag om barn.

Gode planar og prosedyrer for samhandling skal utviklas vidare. Organiseringa i kommuna skal understøtte at barn og unge sine behov står i sentrum.

2. Kunnskap og kompetanse

Kompetanse i nettverksbygging og oppfølging vidareutviklast. Dette skal mellom anna skje ved felles samlingar og møteplassar for ulike fagprofesjonar kor det og er rom for praktisk refleksjon. Kunnskapen skal samla sett vere robust og med respekt for dei ulike faggruppernes fagkunnskap. Kommunen sine politiske utval og deira kunnskap vil bli trekt inn i arbeidet.

3. Openheit og lavterskel

Det må utviklast fagleg samansette og kompetente lavterskeltilbod som har tillit i lokalmiljøet generelt, og hos dei unge spesielt. Tilboda bør i all hovudsak vere gratis. Det må vere open og målretta informasjon om tilboda og korleis ein kan nytte dei.

4. Tverrfaglege team

Dei tverrfaglege teama vidareutviklast for å nå dei overordna måla.

5. TILTAKSPLAN FOR BORN OG UNGE

Kommunen sitt møte med og samhandling med barn og foreldre skjer på mange faglege arenaer og via personale med ulik type fagkompetanse. Kvaliteten på kommunen sin heilheitlege tidlege innsats, avheng m.a. av at vi maktar å dra nytte av den samla kompetansen som finst i kommunen.

Gjennom målretta tidleg innsats prega av samanhengar over tid, så byggjer vi stein på stein og sikrar kontinuitet på tilbodet.

Tidleg innsats som omgrep/ tanke skal vere eit felleseige som gir meining og sit i ryggmargen hjå alle kommunalt tilsette som har med barn og unge å gjere. Alle fagpersonar skal ha kjennskap til kommunen sitt verdigrunnlag, og bruke dette aktiv i det daglege arbeid.

Tidleg innsats har 3 hovuddimensjonar:

BYGGANDE TILTAK:

som betyr noko for og gjeld alle barn og unge i kommunen.


FØREBYGGANDE TILTAK:

er spesielt retta inn mot barn og unge som står i fare for å få ei negativ utvikling

.

SPESIELLE TILTAK:

for barn og unge med eit klart hjelpebehov.



5.1 Byggande tiltak

ALDERSGRUPPE 0-6 ÅR

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørende	Alle	Alltid
Svangerskapsomsorg og foreldreførebuande kurs	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen Jordmor	Kontinuerleg
EPDS Depresjonskartlegging av alle barselkvinner	God helse	Helsestasjonen	6 veker etter fødsel
Helsestasjonsprogram 0-5 år, inkludert foreldrerettleiingsprogrammet «Sammen foreldre og barn»	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen	Følgje nasjonale retningslinjer
Nasjonalt vaksinasjonsprogram	Smittevern	Helsestasjonen	Følgje nasjonale retningslinjer
Småbarnsgrupper for foreldre med barn på 4 mnd og 8 mnd	God helse Nettverksbygging	Helsestasjonen Fysioterapeut Tannpleiar	Kontinuerleg
« 4 år – trygg og klar» Samarbeid mellom helsestasjon, barnehage og foreldre	Trygge og kompetente barn og foreldre	Barnehagen	2 mnd før barnet fyller 4 år
Gode barnehagar	Systematisk satsing på	Barnehageeigar Kommunalsjef oppvekst	Dagleg

		kompetanse og kvalitet	Seksjonsleiar barnehage Styrar	
	Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg
	Lære om eigen kropp, grenser og sjølvregulering	Trygge og kompetente barn og vaksne	Helsestasjon Barnehagen	Kontinuerleg
	Sterkt fokus på sosial- og språkkompetanse	Trygge og kompetente barn	Styrar Pedagogisk leiar PPT	Dagleg
	DUB «barn i utfordring»	Trygge og kompetente tilsette i møte med barnet	PPT Barnehage Skule	Kontinuerleg
	Fokus på vaksenrolla i barnehagane for å fremje godt samspel mellom barn og vaksne Verktøy: Programmet «Være sammen»	Trygge og kompetente foreldre Systematisk satsing på kompetanse	Barnehage	Kontinuerleg
	Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU og foreldreråd	Helsestasjon Barnehage	Kontinuerleg
	Førebygge barnefattigdom	Redusert foreldrebetaling i barnehage Opplevingskort	Helsestasjon Styrar Barnevern Nav Kulturavdelinga	Kontinuerleg
	Tverrfagleg team i alle barnehagane	Tidleg oppdaging og handling	Barnehage Helsestasjon	Ein gong i halvåret

			Barnevern PPT	
	Overgang barnehage – skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Barnehage Skule	Følgje planen
	«Oppfangings-gruppe» Tidleg oppdaging, tverrfagleg (før fødsel)	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon Jordmor Barnevern PPT Fastlege	2020
	Felles kursdag for alle tilsette som jobbar med barn og unge i kommunen	Trygge og kompetente tilsette med eit tverrfagleg fokus	Strategigruppa	Årleg
	Tverrfagleg samarbeidsmøter på leiarnivå	Felles forståing og kompetanse	Helsestasjon, leiar PPT, leiar Barnevern, leiar	Ein gong i månaden
	Tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, PPT og barnevern på fagmøte i oppvekstavdelinga	Tidleg innsats Bygge nettverk	Seksjonsleiar barnehage	Kvartalsvis
	Organiserte fritidsaktivitetar	Deltaking og opplæring på sosiale arenaer	Kulturavdelinga Idrettslag Kulturskulen Sunnmørsbadet	Kontinuerleg
	Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Barnehage Skule	Kontinuerleg
	Foreldrerettleiing i introduksjons-programmet	Trygge og kompetente foreldre	Flyktingtenesta	2020

Oppnemning av barna sin representant for å vurdere barnefaglege omsyn og konsekvensar for barn og unge i alle kommunale planprosessar	Barn og unge sin medverknad Trygge og gode oppvekstvilkår	Herøy kommunestyre Barnerepresentanten, for tida politisk vald.	Kontinuerleg
«Mission Possible»	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg

ALDERSGRUPPE 6-12

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørnde	Alle	Alltid
Overgang barnehage – skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule Barnehage	Følgje planen
Nasjonalt vaksinasjonsprogram	Smittevern	Skulehelsetenesta	Følgje nasjonale retningslinjer
Gode skular	God og utviklande læring Systematisk satsing på kompetanse til dei tilsette	Kommunalsjef oppvekst Rektor Kontaktlærer Alle tilsette i skule PPT	Dagleg
Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg

Lære om eigen kropp og grenser for å førebygge vald og overgrep	Trygge og kompetente barn og vaksne	Rektor Kontaktlærer Helsesøster	Kontinuerleg
Læringsmiljø med fokus på gode psykososiale tilhøve	Trygge og kompetente barn og nulltoleranse mot mobbing	Rektor Kontaktlærer Alle tilsette i skule Helsesøster PPT	Dagleg
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Oppvekstavdelinga PPT	Kontinuerleg
Gode verktøy for handlingsskapande og psykisk helse: «Steg for steg» «Psykologisk førstehjelp»	Trygge og kompetente barn	Rektor Kontaktlærer PPT	Kontinuerleg
Følgje opp ved fråvær over 12 %	God livskvalitet	Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU, skulemiljøutval, FAU og KFU	Skulen	Kontinuerleg
Tverrfagleg team i alle skulane	Tidleg oppdaging og handling	Skule Skulehelsetenesta Barnevern PPT	Ein gong i halvåret
Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Kommunalsjef oppvekst	Kontinuerleg

			Rektor Kontaktlærer	
	Nettvett	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor Skulehelsetenesta FAU	Kontinuerleg
	Skulehelseteneste	Smittevern Trygge og kompetente barn	Helsesøster	Kontinuerleg
	Organiserte fritidsaktivitetar	Deltaking og opplæring på sosiale arenaer	Kulturavdelinga Idrettslag Kulturskulen Sunnmørsbadet	Kontinuerleg
	Juniorklubb for alle mellom 10-13 år	Gratis deltaking på sosial arena. Sosial utjamning.	Kulturavdelinga	Annankvar tysdag i skuleåret
	SFO	Trygge og kompetente tilsette	Rektor Tilsette på SFO	Kontinuerleg
	«Mission Possible»	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg
	Foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet	Trygge og kompetente foreldre	Flyktingtenesta	2020

ALDERSGRUPPE 12-23

	Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
	Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørende	Alle	Alltid

	Overgang barneskule/ungdoms-skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor	Følgje vedteken plan
	Gode skular	God og utviklande læring Systematisk satsing på kompetanse til dei tilsette	Kommunalsjef oppvekst Rektor Kontaktlærer Alle tilsette i skule PPT	Dagleg
	Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg
	Læringsmiljø med fokus på gode psykososiale tilhøve	Trygge og kompetente barn/ungdom og nulltoleranse mot mobbing	Rektor Kontaktlærer Alle tilsette i skule Helsesøster PPT	Dagleg
	Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Oppvekstavdelinga PPT	Kontinuerleg
	Følgje opp ved fråvær over 12 %	God livskvalitet	Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
	Programmet: «Sterk og klar» for unge mellom 13-16 år	Utsette debutalder Trygge og kompetente foreldre	Rektor FAU Alle foreldre	Kontinuerleg
	Auke elevane sin kunnskap om grensesetting, seksuelle overgrep og vald	Satsing på tverrfagleg kompetanse	Strategigruppe Rektor Skulehelsetenesta Ressursteamet	Kontinuerleg

	Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU, skulemiljøutval, FAU og KFU	Rektor Kontaktlærar	Kontinuerleg
	Tverrfagleg team i alle skulane	Tidleg oppdaging og handling	Skule Skulehelsetenesta Barnevern PPT	Ein gong i halvåret
	Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Skuleleiar Rektor Kontaktlærar	Kontinuerleg
	Nettvett	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor Skulehelsetenesta FAU	Kontinuerleg
	Skulehelseteneste	Smittevern Trygge og kompetente barn	Skulehelsetenesta	Kontinuerleg
	MOT 12-23 år	Robuste ungdomar som tek egne val	MOT-informatør og MOT- koordinator Skule	Kontinuerleg
	Ung Data	Få innsikt i korleis ungdomen har det, og sette inn naudsynte tiltak	Rådmann Strategigruppa	2017
	Ungdomsråd	Sikre at ungdom blir høyrte og får opplæring i samfunnsdeltaking	Politisk Rådmann	Kontinuerleg
	Helsestasjon for ungdom	Trygge og kompetente barn og unge	Skulehelsetenesta	Faste opningstider kvar veke

	Ressursteam på ungdomsskule og vidaregåande skule	Trygge kompetente barn og unge	Helsesøster Miljøterapeuter Rektor PPT	Kontinuerleg
	Rusførebyggjande tiltak	God livskvalitet	Skulehelsetenesta MOT-koordinator Rektor FAU Ungdomsrådet Natteramnar Politiet	Kontinuerleg
	Mission Possible	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg
	Fritidsklubben med nulltoleranse for rus	Sosial utjamning og integrering. Rusførebyggjande, med uformelle besøk av politiet	Kulturavdelinga ved ungdomsseksjonen	Kvar fredag i skuleåret
	Fram Flexx Natt	Kome trygt heim for ungdom opp til 25 år	Møre og Romsdal fylke Ungdomsrådet	Kontinuerleg
	Foreldrerettleiing i introduksjonsprogram met	Trygge og kompetente foreldre	Flyktingtenesta	2020

5.2 Førebyggande tiltak

ALDERSGRUPPE 0-6 ÅR

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørende	Alle	Alltid
Tverrfagleg team	Trygge og kompetente foreldre og tilsette	Barnehage Skule	Ved behov utover dei faste møta
Foreldrerettleiing, ICDP, PMTO-rådgeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon Barnehage PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
Ekstra timar ved helsestasjonen	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon	Ved behov
Integrering	Barnehageplass eller SFO-plass	Nav Flyktingteneste Barnevern Barnehage Skule	Kontinuerleg
DUB «barn i utfordring»	Trygge og kompetente tilsette i møte med barnet	PPT Barnehage Skule	Kontinuerleg

	Oftare kontaktpunkt mellom barnehage, skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Barnehage og skule	Ved behov
	Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg
	Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg
	Mottaksteam for fosterbarn, flyktningar og «vandrarar»	Trygge og kompetente barn og foreldre Heilskapleg ivaretaking av barn	Barnevern Flyktingtenesta Barnehage Skule Helsestasjon	2017
	Opprette faste ICDP-grupper	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen Barneverntenesta PPT	2020

ALDERSGRUPPE 6-12 ÅR

	Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
	Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørande	Alle	Alltid
	Tverrfagleg team	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule	Ved behov utover dei faste møta
	Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg

	Oftare kontaktpunkt mellom skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Skule	Ved behov
	Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Oppvekstavdelinga PPT	Kontinuerleg
	Foreldrerettleiing, PMTO-rådgjeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
	Støttekontakt	Auka livskvalitet	Helse og omsorgsavdelinga	Ved behov
	Kommunepsykolog	Rettleiing til elevar, foreldre og tilsette	Rektor Skulehelsetenesta	Ved behov

ALDERSGRUPPE 12-23 ÅR

	Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
	Tieiplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varslings Ivareta barn som pårørnde	Alle	Alltid
	Tverrfagleg team	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule	Ved behov utover dei faste møta
	Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg
	Oftare kontaktpunkt mellom skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Skule	Ved behov

	Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Oppvekstavdelinga PPT	Kontinuerleg
	Foreldrerettleiing, PMTO-rådgjeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
	Støtte unge foreldre	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta	Ved behov
	Støttekontakt	Auka livskvalitet	Helse og omsorgsavdelinga	Ved behov
	Kommunepsykolog	Rettleiing til elevar, foreldre og tilsette	Rektor Skulehelsetenesta	Ved behov
	Psykiatritenesta for ungdomar over 18 år, på individ- og gruppenivå	God helse	Teneste for psykisk helse Helsestasjon for ungdom	Ved behov
	«Brukarplan» Kartlegge personar med utfordring knytt til rus og psykisk helse frå 16 år og oppover	Gode og tilpassa teneste	Skulehelsetenesta Nav Fastlege Pleie og omsorg Teneste for psykisk helse Bustadsosial teneste Barneverntenesta	2016 2018
	OT	Oppfølging	OT-kontakt i vidaregåande skule OT-kontakta i Nav	Ved behov

5.3 Spesielle tiltak

ALDERSGRUPPE 0-23 ÅR

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
PMTO-terapi	Åtferdsendring ved terapi	PPT Barnevern Helsestasjon	Ved behov
IP	Hjelp og støtte til barn og familie med særskilte og samansette behov	Koordinerende eining Helse og omsorgsavdelinga Fastlege PPT Nav Barnehage Skule	Ved behov
Støttekontakt	Auka livskvalitet	Helse og omsorgsavdelinga	Ved behov
Vidareutvikling av handlingsstrategiar i mobbesaker, både på individ og systemnivå. Tiltak retta mot både mobbar og mobbeoffer.	Systematisk satsing på kompetanse	Rektor PPT Helse og omsorgsavdelinga	Kontinuerleg

	Opprette ansvarsgruppe	Samordne tenester rundt barnet og familien	Helsestasjon Fastlege Barnehage Skule PPT Barnevern Andre ved behov	Ved behov
	Kommunepsykolog	Rettleiing Tidsavgrensa behandling av barn frå 6 år og oppover	Tenesta for psykisk helse	Ved behov
	Psykiatritenesta for unge/vaksne over 18 år, på individ- og gruppenivå	Individuelt tilpassa oppfølging	Tenesta for psykisk helse	Ved behov
	Tilbod om oppfølging frå miljøterapeuter til vanskelegstilte ungdomar	Auka livskvalitet	Helse og omsorgsavdelinga	Ved behov
	Kriseteam	Akutt hjelp	Leiar Kriseteamet	Ved akutt behov

6. FORKLARING PÅ FORKORTINGAR OG OMGREP

DUB De utfordrende barna

EPDS Edinburgh postnatal depresjonsskår

FAU Foreldrerådets arbeidsutval

ICDP International Child Development Program

IP Individuell plan

KFU Kommunale foreldreutval

«Mission Possible» formalisert samarbeid mellom kommuner på Sunnmøre, Helse Møre og Romsdal, Politiet, BUF etat og Sunnmøre regionråd

MOT En ungdoms og samfunnsbygger som styrker ungdoms bevissthet og mot – til å leve, bry seg og si nei.

OT Oppfølgingstenesta

PMTO Parent Management Training – Oregon

PPT Pedagogisk-psykologisk teneste

SFO Skulefritidsordning

SU Samarbeidsutval

Vedlegg: Handlingsplan forebyggande arbeid barn og unge 2016-2020

Saksopplysningar:

Det forebyggande arbeidet for barn og unge har vore informert om ved ulike høve. Det var og sak for komiteane (sak 19/15 i Helse og omsorgskomiteen og sak 10/15 i oppvekstkomiteen. I den saka vart det gått gjennom historikken for det forebyggande arbeidet for barn og unge i Herøy kommune samt skissert korleis vi nå ville organisere arbeidet framover.

En «ny» handlingsplan ligg no føre. Den er kome til ved eit godt arbeid i dei to gruppene, strategisk styringsgruppe og ikkje minst i faggruppa. Faggruppa har arbeid svært godt med tiltaksplanen som tek for seg konkrete tiltak for barn og unge i Herøy kommune. Tiltaka er delt i 3 hovuddimensjonar, byggande tiltak (gjeld alle barn), førebyggande tiltak (barn og unge som står i fare for å få ei negativ utvikling) og spesielle tiltak (barn og unge med eit klart hjelpebehov).

Dei ulike tiltaka er ikkje vesentleg endra etter det som har vore praksis over tid slik at vi har god erfaring med omsyn til dei. Det som nå er meir tydeleg i denne planen er det tverrfaglege samarbeidet ved dei ulike tiltaka.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil fylje opp saka i samsvar med den vedlagte handlingsplanen.

Fosnavåg, 18.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Møtebehandling:

Saka vert teke til vitande

Komite for helse og omsorg kom med slikt tillegg til tilrådinga:

Helse og omsorgskomiteen ser svært positivt på den framlagde planen og den nye samarbeidsforma som er vald. Komiteen saknar likevel noko konkret om skulevegning og nokre spesielle tiltak for dei familieane som er råka av det. Komiteen ber og om at det vert vurdert om den ansvarlege for flyktningmottaket for einslege mindreårige vert representert i faggruppa. Samrøystes tilråding.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.12.2016

Saka vert teke til vitande

Komite for helse og omsorg kom med slikt tillegg til tilrådinga:

Helse og omsorgskomiteen ser svært positivt på den framlagde planen og den nye samarbeidsforma som er vald. Komiteen saknar likevel noko konkret om skulevegning og nokre spesielle tiltak for dei familieane som er råka av det. Komiteen ber og om at det vert vurdert om den ansvarlege for flyktningmottaket for einslege mindreårige vert representert i faggruppa. Samrøystes tilråding.

Samrøystes vedtak i Komite for oppvekst - 14.12.2016

Saka vert teke til vitande med slikt tillegg:

Komite for oppvekst bed om at mål og tiltak vert konkretisert og at det vert tydelegare skille mellom desse.

Komite for oppvekst synes det er fint om forkortingar vert forklart i dokumentet også tiltak som t.d. «Mission Possible». Det er fint om ein også kan skriftleggjere kva dagar ein kan nytte Flexx Natt.

Komite for oppvekst oppfordrar også til at det vert konkretisert kva andre fagavdelingar enn skule og barnehage gjer i integreringsarbeidet.

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 24.05.2017 10:45:59 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Varsling om oppstart av privat detaljreguleringsplan Sandvika gnr. 59/1

Fra: Stine Sporstøl [<mailto:stine@sporstol.no>]
Sendt: 23. mai 2017 16:05
Til: postmottak
Emne: Varsling

Hei.

Vedlagt ligg:

VARSLING OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERING SANDVIKA GNR 59/ 1 – HERØY KOMMUNE.

Ber om at epost blir vidaresendt til partane under:

- Barnerepresentanten i Herøy Kommune v/ Camilla Storøy Hermannsen
- Utviklingsavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Kulturavdelinga
- Eiendomsavdelinga
- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Eldrerådet
- Maritimt utval
- Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne
- Komite for oppvekst
- Maritim og teknisk komite
- Komite for næring, kultur og oppvekst
- Komite for helse og omsorg.

På førehand takk, sei ifrå om det skal være noko.

Ber også om tilbakemelding på at dokumenta er mottekne.

Takk og ha en fin dag.

Med vennlig hilsen

Stine Sporstøl
Kontormedarbeider
Interiørarkitekt MIAF
stine@sporstol.no

Tel: 451 98 707



Før du skriver ut,
tenk på miljøet



I P O R I T O L



Til:
kommune, fylke, og stat, berørte grunneiere
og naboer

Sporstøl Arkitekter a.s
Postboks 301
6067 Ulsteinvik


Deres ref: ---

Vår ref: 1731/BS

Ulsteinvik, 22.05.2017

Varsel om oppstart av privat detaljregulering Sandvika - gnr. 59/1 - Herøy Kommune i Møre og Romsdal.

I henhold til plan- og bygningsloven § 12-8, referat oppstartmøte varsles oppstart av arbeid med privat detaljregulering for Sandvika 59/1 i Herøy kommune.
Området er ca. 21,4 daa og avgrenset som vist i vedlagt kart nedenfor.



Hensikten med detaljregulering er tilrettelegging midlertidig massedeponi i Sandvikstranda i Herøy kommune.

Ytterlige opplysninger om planen fås ved henvendelser hos Sporstøl Arkitekter AS.

Naboer og grunneiere blir varslet direkte.

Varslingsdokumenter er også tilgjengelige på nettside: www.sporstol.no under fane «Varsling».

Merknader og innspill til planarbeidet bes sendt skriftlig til:

Sporstøl Arkitekter AS - Boks 301- 6067 Ulsteinvik

Mail adr.: bjornar@sporstol.no - Tlf: 700 18550 eller 91 86 87 94

Frist for merknad/innspill er satt til den, 22. juni 2016.

Med hilsen

Ing. Bjørnar Sporstøl

Tlf. direkte: 70 01 85 53

Mobil: 91 86 87 94

E-Post direkte: bjornar@sporstol.no

Vedlegg: V1 Kunngjøring detaljregulering Sandvika – kart planavgrensning
V2 Planinitiativ med vedlegg. Dispensasjonssøknad, vedtak og notat oppstartmøte.
V3 Høringsinstanser
V4 Liste varsla parter

Med kopi til: Kommune, fylke, og stat, berørte grunneiere og naboer i henhold til vedlagt lister

Sporstøl Arkitekter a.s
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

VESTLANDSNYTT
Annonseavdelingen
Boks 44 – 6099 FOSNAVÅG
Sendes kun som mail til:
annonse@vestlandsnytt.no

Deres ref: ---

Vår ref: 1731/BS

Ulsteinvik, 22.05.2017


ANNONSE - KUNNGJØRING

Ber om følgende annonse blir tatt inn i avisa over 2 spalte snarest.

Annonsetekst:

”

Varsel om oppstart av privat detaljregulering for massedeponi i Sandvika, gnr. 59/1 - Herøy Kommune.



I henhold til plan- og bygningsloven § 12-8, referat oppstartsmøte med løyve til oppstart av arbeid med privat detaljregulering i Sandvika, gnr.59 /1 - Herøy kommune. Området er ca. 21,4 daa og avgrenset som vist i kart ovenfor.

Hensikten med detaljregulering er tilrettelegging for midlertidig massedeponi i Sandvikstranda i Herøy kommune.

Ytterlige opplysninger om planen fås ved henvendelser hos Sporstøl Arkitekter AS.

Naboer og grunneiere blir varslet direkte.

Varslingsdokumenter er også tilgjengelige på nettside: www.sporstol.no under fane «Varsling».

Merknader og innspill til planarbeidet bes sendt skriftlig til:

Sporstøl Arkitekter AS - Boks 301- 6067 Ulsteinvik

Mail adr.: bjornar@sporstol.no - Tlf: 700 18550 eller 91 86 87 94

Frist for merknad/innspill er satt til den, 22. juni 2016.

”

Annonsetekst slutt

Faktura sendes til:

Odd Erling Løvøy – Sandvika 29 - 6070 Tjørvåg

Tlf.: 950 71 909 E-post: odderling@tussa.com

Med hilsen

Ing. Bjørnar Sporstøl


Tlf. direkte: 70 01 85 53

Mobil: 91 86 87 94

E-Post direkte: bjornar@sporstol.no

Vedlegg: Ingen

Med kopi til: Forslagstiller, kommune, fylke, og stat, berørte grunneiere og naboer



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008


Linjesymbol

- RpGrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje

Kartopplysninger

Kilde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høydegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000
0 12.5 25 37.5 50 m



Detaljregulering
Varsling - Sandvika - gnr 59/1
Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Arealplan-ID:
1515_Forslag
Forslagstiller:
Odd Erling Løvøy

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

SAKS- NR. DATO SIGN.

Dato	Revisjon
Dato	Revisjon
Dato	Revisjon
Kommunestyret sitt vedtak	
Ny 2. gangs behandling	
Offentlig ettersyn fratil	
2. gangs behandling	
Offentlig ettersyn fra.....til	
1. gangs behandling	

Kunngjøring av oppstart av planarbeid		19-5-2017	BS
Oppstartsmøte - Herøy kommune v/Tanja Rafteseth - notat oppstartsmøte datert 4-4-17	2017/422	28-3-2017	TR
PLANEN ER UTARBEIDET AV: SPORSTØL	SPORSTØL ARKITEKTER AS	TEGNNR. DATO	SIGN.
		1731-101	18-5-2017 BS

Det bekreftes at planen er i samsvar med kommunestyrets vedtak av

Dato Planstjer

Plan ID.:

Arkivsak ID: 1731/BS

Ulsteinvik, 22.5.2017

Planinitiativ

REGULERINGPLAN SANVIKA - GBNR 59/1 -**HERØY KOMMUNE – PlanID: 2017XXXX****Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3, §12-8 OG §12-14,**

Innhald

1	Samandrag.....	4
2	Bakgrunn.....	5
2.1	Formål med planen	5
2.2	Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold	5
2.3	Tidlegare vedtak i saka	5
2.4	Utbyggingsavtaler	5
2.5	Krav til konsekvensutgreiing (KU).....	5
3	Planprosessen	5
4	Planstatus	6
4.1	Overordna planer	6
4.2	Gjeldande reguleringsplaner	6
4.3	Tilgrensande planer.....	7
4.4	Statlige retningslinjer/rammer/føringar	7
5	Planområdet - Eksisterande forhold.....	7
5.1	Lokalisering, avgrensing og storleik.....	7
5.2	Dagens arealbruk.....	7
5.3	Stadens karakter	8
5.4	Landskap	9
5.5	Kulturminner.....	9
5.6	Naturverdiar	10
5.7	Rekreasjonsverdi og uteområde.....	10
5.8	Landbruk	10
5.9	Trafikk og infrastruktur.....	10
5.10	Barns interesser.....	11
5.11	Sosial infrastruktur.....	11
5.12	Universell utforming.....	11
5.13	Teknisk infrastruktur	11
5.14	Grunnforhold	11
5.15	Støyforhold.....	12
5.16	Luftforureining	12
